

Sluttrapport for «Ord i spreke spor»



Prosjektmål

Gjennom å koble fysisk aktivitet, natur-, kultur-, og litteraturopplevingar saman, ynskjer Sund folkebibliotek å vere ein ambassadør for folkehelsesatsinga. Vi vil utforske nye samarbeidsmodellar, ei anna type formidling og nye aktivitetar ved mellom anna å bruke det potensiale som finnst i dei frivillige organisasjonane i kommunen.

Har ein nådd prosjektmåla?

Her er nokre av tiltaka som har vore gjennomført i prosjektet, for å nå prosjektmåla.

Møter og arbeidsseminar, mellom anna med fylkeskommunen, skular, barnehagar, Geo-Bergen, lokal forfattar, kunstnarar og frivillige lag og organisasjonar. 24 møte i prosjektet.

Styringsgruppe: Anne Mette Nesje Porten (Hordaland fylkeskommune), Sigrid Furnes (Hordaland fylkesbibliotek), Laila Klemetsaune (Kultursjef i Sund kommune) og Bente Fosse (Biblioteksjef i Sund kommune)

Prosjektgruppe: Representantar frå frivillige lag- og organisasjonar, skular og barnehagar.

Prosjektleiing: Biblioteket

- Kontinuerlig kontakt med samarbeidspartar
- Kontakt med Hordaland fylkesbibliotek for hjelp og samarbeid
- Hjelp til vurdering av ulike løysningar/program til App-løysninga
- Faste arrangement ute ved gitaren og oppe i løypa
- Quiz i løypa
- Kontakt og involvering etterkommarane til Johannes Kleppevik
- Presentasjon av arbeidet for kultursjefane i regionen, Sund kommunestyre, bibliotekleiar møte i regionen, presentasjon for leiarar av turlaga i Hordaland og på ulike konferansar regionalt og sentralt.

Produkt frå prosjektet

Frå dette prosjektet har ein fått både konkrete og fysiske produkt.

1. Faste installasjonar

Den største attraksjonen i løypa er gigantgitaren som er designa av den lokale kunstnarten Øyvind Heggstad. Anne Elisa Tryti, fylkesdirektør for kultur og idrett i Hordaland fylkeskommune påpeika i den offisielle opningstalen at gitaren allereie hadde fått merksemd langt utover kommune- og fylkesgrensene. På opninga av løypa 03.06.15 myldra det av folk i alle aldrar i og utanfor Strandakrinsen, bortimot 300 med stort og smått. Det er stor interesse for å bruka området.



Infotavler som formidlar naturkvalitetar og kulturhistoriske fakta. Tekster og vers frå Johannes Kleppevik sine songar. Det er ein skjeldan fin steingard som skil gardane Steinsland og Forland, informasjonsskilt om denne steingarden er laga i samarbeid med lokal forfattar. Same gjeld den fantastiske historia om Trollavatnet. Tekst og illustrasjon på denne infotavla er laga i eit samarbeid med lokal kunstnar.



2. Flyttbare installasjonar

Årleg quiz med premiering på arrangement saman med barnas turlag i Sund. Fiskekassar som inneheld bøker for vaksne og barn, forstørrelsesglas, praktiske oppgåver som t.d. lær deg ulike knutar og tekstar av Johannes Kleppevik. Innhaldet vert skifta ut kvar vår.



3. Web-applikasjon

<http://www.ordispor.no>

Vi er ikkje heilt i mål med denne applikasjonen. Fire turar er på plass og to til kjem i løpet av kort tid. Sund turlag i samarbeid med biblioteket ynskjer å vidareutvikla denne. M.a. til å registrere turar når ein er ute i dei ulike turområda ved å lese av ein qr-kode.



4. Facebook

I prosjektet vart det nytta ei gruppe på Facebook i tillegg til Instagram.

<https://www.facebook.com/groups/557556571039323/>

I tillegg til desse <http://bibvest.no> og <https://www.facebook.com/BibliotekaiVest/> som var og er særskild viktig i prosjektperioden og i etterkant til orientering og marknadsføring av arrangement i løypa og på gitaren. Vi kan sjå at aktivitetane vert delt av fleire og at det er ein god kanal vi kan nå mange gjennom.

5. Dra nytte av kvarandre

På ulike vis har vi gjennom prosjektperioden vore aktive i høve til å dra nytte av kvarandre. Biblioteket har fått eit utvida nettverk og vi samarbeider om ulike arrangement der vi dreg vekslar på kvarandre. I tillegg har vi fått god støtte og hjelp når biblioteket har eigne arrangement.

Evaluering av prosjektet

a. Suksessfaktorar

Den viktigaste suksessfaktoren i dette prosjektet har vore gode samarbeidspartnarar. Utan desse hadde det ikkje vore mogleg å få gjennomført dette prosjektet med eit slikt vellukka resultat.

Ein annan viktig suksessfaktor har vore økonomi. Når vi strevde med å kome i land med midlar frå Norsk kulturråd til kunstnar og installasjonar gjekk kommunen inn med finansiering. I tillegg til midlane frå Nasjonalbiblioteket og eigen kommune har vi fått støtte frå Sparebanken Vest, folkehelsemidlar, dugnadsinnsats frå lokale kunstnarar, BUF-etat, lokale private bedrifter, Hordaland fylkesbibliotek og Hordaland fylkeskommune. Det har også vore særskild viktig med tett samarbeid med kultursjefen, som har vore ein pådrivar i arbeidet. Det har vore avgjerande at ein har sett av mykje tid til koordinering og arbeid med prosjektet.

b. Uvisse

Det har vore ulike utfordringar knytt til «Ord i spreke spor», som t.d. mykje meir tidsbruk enn ein hadde førespeilt seg. Biblioteket har måtte tatt eit stort koordineringsansvar som har vore utfordrande då det kravde særleg mykje ressursar. Godkjenning av grunneigarar for utplassering og skilting og byggsøknad til kommunen for å kunne bygge gigantgitaren var noko som og dukka opp undervegs.

Arbeidet med Appen har teke tid då kontaktpersonen på fylkesbiblioteket, samt prosjektleiar vart sjukemeldt i lang tid. Det viste seg at løysning med ein webapplikasjon og ikkje nedlastbar App, var det rette i fyrste omgang. Fyrst og fremst grunna koblinga mot bibliotekets katalog og moglegheit for å leggja inn fleire turar frå Sund turlag sitt Kystpass.



Biblioteket organiserte arbeidet med å få materialar og utstyr opp i løypa m.a. ved å klistre lappar på objekta. Skuleborn, Sund turlag og eldsjeler utførte jobben.

c. Viktige læringspunkt

Klar ansvarsdeling mellom involverte og meir delegering frå prosjekteigar. Skriftleggjering av dialog og arbeidsfordeling med dei ulike samarbeidspartnarane. Hadde vore klokt med eit forprosjekt til dette store prosjektet.

Vegen vidare

Sund folkebibliotek har gjennom dette prosjektet fått eit godt utgangspunkt for vidare samarbeid med lag- og organisasjonar i kommunen. Vi vil framleis arbeida saman om arrangement i løypa, på gitaren og i biblioteket. Felles satsing framover er å få opp ein lavvo der det vert mogleg for biblioteket å rigge til eit minibibliotek. Her vil ein og ha lesestunder, bokprat og utdeling av leseknappen for 2.klasse elevane.



Nokre omtalar:

<http://xn--lillianptur-48a.no/2016/04/10/veten-kommunetopp-i-sund/>

<https://sund.dnt.no/aktiviteter/818788/>

<https://www.youtube.com/watch?v=HRhf7gM7SEQ>

<http://www.kystradioen.no/22-forside/3380-turloypa-ord-i-spreke-spor>

<https://www.naf.no/tjenester/ruteplanlegger/sted/ord-i-spreke-spor-friluftsomrade--ZXBpc2VydmVyL3BvaS82MTUxOQ==/>

https://www.nrk.no/hordaland/se-gigantgitaren-her_-1.12391762